



Eva Ann Lilleskare
Lyshovden 332
5148 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/598 - 18/24164

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
14.08.2018

Utsleppsløyve for hytte - gbnr 58/113 Lygre indre

Administrativt vedtak: **Saknr: 404/18**

Byggestad: Gbnr: 58/113
Tiltakshavar: Eva Ann Lilleskare
Ansvarleg søkjar: Mesterbygg Jæren AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp Mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for hytte på gbnr 58/113.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til å vera 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 19.06.2018.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Buskneset er definert som byggeområde for hytter.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla, fordi avløpet skal koplast til eksisterande felles leidning til sjø som er ført ut på djupt vatn.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 26.06.2018 .

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13. Naudsynte slamavskiljar skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga, jf. Forskrift for slamtømming.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert delvis på eigen eigedom og delvis på gbnr 58/75.

Det ligg føre skriftleg erklæring frå eigarane av gbnr 58/75 om legging av leidning over eigedommen fram til påkopling på eksisterande leidning. Eigarane av felleleidningen har også gjeve løyve til tilknytning i samband med utsleppsløyve for eigedommen godkjent i 1993.

Avtalar om plassering av avløpsleidning på privat eigedom og rett til bruk av privat avløpsleidning bør tinglysast på eigedomane.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Felleleidningen til sjø vart godkjent med utslepp for 4 hytter i 1992 i administrativt vedtak 83/92.

Eigedommane er gbnr 58/93, 58/98, 58/99 58/10. I sak 11/93 fekk gbnr 58/113 og 58/118 utsleppsløyve via same leidning. Løyvet for gbnr 58/113 gjekk ut etter 3 år og vert handsama på nytt i denne saka.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 26.06.2018.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avløpsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova inngår i revidert søknad om oppføring av hytte mottaken 04.07.2018 som er handsama i eiga sak : Administrativt vedtak med saksnr 405/18.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for hytte på gbnr 58/113 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett nedgraven leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.

2. Utsleppet frå egedomen vert gitt for 5 pe.

3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømme innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.

4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12.

5. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

6. Egedomen skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak gjort i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningslova § 85](#) andre ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak gjort av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak gjort i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/598.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mesterbygg Jæren AS

Aniksdalsvegen 61 4362

VIGRESTAD

Mottakarar:

Eva Ann Lilleskare

Lyshovden 332 5148

FYLLINGSDALEN